

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2023-2026

ULSTEIN KOMMUNE

Alternativt framlegg frå Ulstein Framstegsparti



Vedteke i gruppemøte 5.desember 2022





INNLEIING

Dei økonomiske realitetane strammar seg inn år for år. Ulstein kommune har utan tvil gjort kloke investeringar for framtida. Veksten i investeringar var størst i perioden frå 2011-2015, kanskje ikkje så rart sidan ein i åra før opplevde ein vekst som vi ikkje har sett tidlegare. Veksten og investeringsviljen var driven av optimisme og framtidstru skapt av ein eventyrleg boom i den maritime industrien. Dette førte til stor tilflytting og høge skatteinntekter. Nokre av oss åtvvara alt den gongen om at denne veksten ikkje kom til å fortsette inn i evigheita og at lånegjelda etter kvart kunne verte ei for stor byrde for oss.

Dei aller fleste av desse investeringane har bidrege til auka attraktivitet og gitt grunnlag for å organisere tenesteproduksjonen vår på ein effektiv måte, men dei har og svekka handlingsrommet vårt betydeleg, noko som har ført til at Ulstein er ei av dei kommunane i landet med dårlegast finansiell stilling.

Framstegspartiet har sidan 2013 vore tydeleg på behovet for å stramme inn, og har i dei siste 2 lokalvala forsikra velgjarane at jobb nr 1 er å få kontroll over økonomien. Samstundes har vi vore tydeleg på at skal jobbe for vidare vekst og utvikling i kommunen vår. Vi har difor jobba målretta for å få til ei strammare styring. Dei viktigaste grepa kan oppsummerast slik:

- ✓ Ikkje overvurdere inntektene (gjere konservative inntektsanslag)
- ✓ Vere kritisk til nye varige driftstiltak som ikkje gir gevinst
- ✓ Skyve på investeringar for å betale ned gjeld.
- ✓ Innført nye retningslinjer for investeringstiltak for betre styring av investeringane
- ✓ Innført krav til 20% eigenkapital på alle investeringar
- ✓ Rentesikra store deler av gjelda vår

Sjølv om kommunane på mange måter er skåna for dei brå endringane som enkeltpersonar og næringsdrivande må forhalde seg til, så vert også vi påverka av globale, nasjonale og lokale trendar. Ein viktig del av budsjettarbeidet er difor å forstå og analysere desse faktorane. Vi brukar difor ein god del plass i vårt budsjett til å sjå på historikk. For som ein veit må ein kjenne si historie for å kunne ha ei meining om framtida.

All statistikk er henta frå SSB.

Ulsteinvik 05.12.2022

Alf Johan Antonsen
Gruppeleiar

Knut Erik Engh
Ordførar



1 SAMFUNNSUTVIKLING OG TRENDAR

1.1 NÆRINGSSTRUKTUR I ULSTEIN

Ulstein er ei typisk industrikommune. Den største andelen sysselsette som har sin arbeidsstad i Ulstein har si inntekt frå industrien. Denne andelen har gått kraftig ned dei siste åra og tabellen nedanfor speglar godt kor store endringane har vore. I tillegg til at dette har gått utover dei sysselsette i industrien så har det også påverka andre næringar som leverer varer og tenester til den maritime industrien.

Der er likevel eit lyspunkt, sjølv om det skuldast meir tekniske årsakar enn reelle endringar. I 2018 endra ein registreringa for bergverksdrift og utvinning. Tidlegare vart denne aktiviteten registrert på sokkelen, men etter 2018 vart registreringa flytta til fastlandet der arbeidsgjevar har si adresse. Det er i praksis Island Offshore sitt fotavtrykk som vert synleggjort, men ein må hugse på at dei også sysselset menneske frå andre stadar enn vår region så den lokale effekten er på langt nær så stor.


Næringsgruppe	2014	2019	2021	Andel 2014	Andel 2019	Andel 2021
10-33 Industri	2336	1434	960	42,2 %	27,2 %	20,3 %
05-09 Bergverksdrift og utvinning	23	772	713	0,4 %	14,6 %	15,1 %
86-88 Helse- og sosialtjenester	596	592	605	10,8 %	11,2 %	12,8 %
45-47 Varehandel, reparasjon av motorvogner	585	498	495	10,6 %	9,4 %	10,5 %
85 Undervisning	354	392	391	6,4 %	7,4 %	8,3 %
41-43 Bygge- og anleggsvirksomhet	282	306	338	5,1 %	5,8 %	7,2 %
68-75 Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	311	327	278	5,6 %	6,2 %	5,9 %
84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring	137	177	185	2,5 %	3,4 %	3,9 %
77-82 Forretningsmessig tjenesteyting	133	104	149	2,4 %	2,0 %	3,2 %
55-56 Overnattings- og serveringsvirksomhet	121	143	143	2,2 %	2,7 %	3,0 %
90-99 Personlig tjenesteyting	157	109	118	2,8 %	2,1 %	2,5 %
49-53 Transport og lagring	265	165	114	4,8 %	3,1 %	2,4 %
58-63 Informasjon og kommunikasjon	63	62	61	1,1 %	1,2 %	1,3 %
64-66 Finansiering og forsikring	64	57	56	1,2 %	1,1 %	1,2 %
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	51	60	48	0,9 %	1,1 %	1,0 %
35-39 Elektrisitet, vann og renovasjon	36	43	44	0,7 %	0,8 %	0,9 %
00 Uoppgitt	15	36	28	0,3 %	0,7 %	0,6 %
Totalt	5529	5277	4726	100 %	100 %	100 %



1.2 MARITIM NÆRING

Maritim næring er den viktigaste drivaren for sysselsetting i vår kommune. I tillegg til å sysselsette egne og innleidde tilsette, så bidreg næringa med store ringverknader til andre tenesteytande næringar lokalt og regionalt.

Utfordringa med den maritime næringa er at den er svært syklisk, og at det i periodar fører til høgare arbeidsløyse. På den andre sida så er næringa ein skikkeleg vekstmotor som få andre næringar kan måle seg med. Difor er Ulstein i ei særstilling samanlikna med våre nabokommuner (sjå grafen nedanfor)



I 2019 hadde Ulstein og Kleven fleire store prosjekt under bygging, mellom anna 2 hurtigruteskip (Fritjof Nansen og Roald Amundsen) og ei Ro-Ro ferje (Colour Hybrid). Denne aktiviteten sikra ei rekordstor sysselsetting i privat sektor.


Pr i dag er det mindre aktivitet på verfta, men i 2023 vil Ulstein verft kome i gong med nybygg til Olympic. Vi håpar og trur at også Kleven vil få nybyggings-kontrakter framover, og at den generelle aktiviteten vil ta seg opp for leverandørindustrien.





1.3 VAREHANDEL

I tillegg til den maritime næringa er varehandel den viktigaste næringa i privat sektor i Ulstein. Totalt sysselset denne næringa nesten 500 personar i 2021, nesten halvparten av det industrien sysselset. Ulstein har hatt ei positiv utvikling innan detaljhandel dei siste åra og er den kommunen med høgast omsetning målt per innbyggjar. I [Regional handelsanalyse for Møre og Romsdal 2021](#) som fylkeskommunen står bak, går det tydelig fram at det er særleg innanfor utsalsvarer Ulstein har ei høg dekningsgrad (143%). For daglegvarer har vi ei normal dekningsgrad.



Renteauke og svekka kjøpekraft talar for at omsetning og sysselsetting vil falle neste år, på den andre sida vil auka aktivitet i maritim næring tale for det motsette.

1.4 REISELIV




Ulstein og resten av kommunane på Søre Sunnmøre har dei siste åra satsa mykje på reiseliv. Mellom anna har dei 5 kommunane på ytre gått saman i eit prosjekt i lag med fylkeskommunen for å skape fleire reiseopplevingar. Ulstein Næringsforening har og jobba med å utvikle [Visit Ulstein](#) for å samle informasjon om alle opplevingar og tilbod som finnes i kommunen (og regionen)

Det kan sjå ut som at satsinga har gitt effekt. Talet på overnattingar i sommarmånadane i vår region har ei fin auke trass i at sommaren i år var begredeleg ver-messig og at ein på ny kunne feriere i utlandet. Vi meiner difor at potensialet er mykje større. Ei vidare satsing på reiseliv er viktig både for å skape fleire lønsamme arbeidsplassar, men ikkje minst for å styrke bulysta og legge til rette for kortreiste og berekraftige opplevingar. Eit tettare samarbeid med Ørsta og Volda for å synleggjere det store spennet som finnes av opplevingar i vår region må til.



Destinasjon Ålesund og Sunnmøre har vore viktige bidragsytarar gjennom å organisere prosjektet og ved å bidra til eit betre marknadsføring av vår region gjennom mellom anna [Fjord Norge](#) og [Visit Norway](#).


Det er og verdt å merke seg at 40% av omsetninga i serveringsbransjen på Søre Sunnmøre skjer i Ulsteinvik. Det viser at serveringsstadane våre representerer ein viktig del av reiselivsproduktet vårt.



1.5 FOLKETALSUTVIKLING


I samfunnsdelen av kommuneplanen som vart vedteken in 2015 la Ulstein kommune inn ei forventa folketalsutvikling på minst 1,5% pr år. Dette har ikkje heldt seg oppe på grunn av marknadssituasjonen i dei maritime næringane.

Frå 2019 har folketalsutviklinga vore svakt fallande, men situasjonen har endra seg betydeleg i 2022.





Men i løpet av dei 9 første månadane i 2022 har vi hatt ein folketalsauke på 213 personar, noko som er prosentvis høgast i fylket (+2,5%) Berre Molde (+317) og Ålesund (+270) har fått fleire nye innbyggjarar. Folketalsauken skuldast i første rekke at vi har busett mange flykningar frå Ukraina.




Ulstein har generelt ein stor mobilitet blant sine innbyggjarar. Sidan 1 januar 2015 har 5650 personar flytta mellom Ulstein og ei anna norsk kommune. Tilsvarende for utlandet er 1586 personar. Medan det er 524 fleire som flyttar ut av Ulstein til ei anna norsk kommune enn motsett veg er bildet meir positivt i forhold til utlandet. Her har det flytta 626 fleire personar inn enn ut. Resten av folkeveksten skuldast at vi har 320 fleire fødde enn døde i perioden.


Det er svært vanskeleg å spå om utviklinga framover. Det som talar for ein vidare vekst er flyktningkrisa og ein betre marknadssituasjon for den maritime næringa særleg innanfor offshore (vind, olje og gass). Det som talar mest i mot er regjeringa sine forslag om innføring av grunnrenteskatt på oppdrett. Dette er ei viktig næring for fleire verft i regionen og ikkje minst leverandørindustrien.

1.6 BUSTADBYGGING

Med lågare tilflytting og høg arbeidsløyse så er det naturleg at bustadbygginga går tilbake. Slik har også fasit vore for Ulstein. Gjennomsnittleg tal på personar per hustain er i dag 2,2 personar. Det betyr at dersom ein legg til grunn ein årleg folketalsauke på 1,5% betyr det eit behov på rundt 60 nye bustader per år. Dei siste 5 åra har vi hatt eit snitt på rundt 45 nye bustader. Dette er likevel langt høgare enn ein skulle forvente når ein tek i betraktning den svake folketalsutviklinga dei siste åra.



Til og med 3 kvartal i år har det vorte sett i gong 37 nye bustader. Tilsvarande for 2021 var 15 nye bustader i same periode.



Tilbakemeldingane vi får no er at bustadmarknaden er stram, og at dette er ei av dei største hindringane for å auke folketalet. Ulstein kommune har i 2022 busett rekordmange flyktningar og vil truleg få førespurnad om å busette endå fleire i 2023. Slik bustadmarkedet er no er det ikkje mogleg, og det er uforståeleg at regjeringa har avslutta Husbanken si tilskotsordning for bustader til vanskelegstilte midt i ei flyktningkrise.


Det er behov for fleire bustader i Ulstein kommune slik vi vurderer det, men det er vanskeleg å spå korleis utviklinga vil bli.

Renteauke og høgare byggekostnader er faktorar som heilt sikkert vil bremse bustadbygginga framover, men auka tilflytting og sysselsetting bør vere ein drivar i positiv retning.



1.7 SYSSELSETTING

I åra mellom 2015 og 2018 hadde Ulstein særleg høg arbeidsløyse, men i 2019 betra situasjonen seg på grunn av den høge aktiviteten i verftsbransjen som vi har omtalt tidlegare. Då pandemien traff oss hadde faktisk Ulstein kommune lågare arbeidsløye enn både landet og fylket, men pandemien fekk større utslag for vårt næringsliv enn resten. Vi slit framleis med det sjølv om arbeidsløysa no er handterleg.



Kjelde: NAV


Sjølv om arbeidsløysa i Ulstein er høgare enn andre stadar er likevel sysselsettinga høg og mange pendlar inn til kommunen. I tillegg til høg innpendling så er det mange Ulsteiningar som pendlar ut til andre kommunar. I 2021 pendla 1736 ut og 2185 inn. 2542 Ulsteiningar hadde arbeidsstaden sin i Ulstein.

Pendlarstrøm	Ålesund	Hareid	Herøy	Ørsta	Volda	Sande	Vanylven	Andre
Pendlar til Ulstein frå...	202	620	426	148	115	98	42	534
Pendlar frå Ulstein til...	259	404	344	104	145	108	10	362

Trass i at talet på arbeidsplassar har gått ned dei siste åra har Ulstein kommune nest høgast arbeidsplassdekning i fylket etter Molde.




Arbeidsplassane på Søre Sunnmøre fordeler seg slik:



Vi har no gåande eit prosjekt der vi i samarbeid med Skaparhuset og Ulstein Næringsforum skal få etablert ein cowork eller eit dynamisk kontorfelleskap om du vil i sentrum. Vi har stor tru på at dette kan vere eit godt grep for å trekke til oss nye innbyggjarar som tek med seg jobben hit, eller at folk frå Søre Sunnmøre kan finne seg ein arbeidsgjevar andre stadar i landet og framleis bu i vår region.

1.8 INNETKGRUNNLAG


Innbyggjarane i Ulstein tener generelt godt samanlikna med resten av fylket. I 2021 var gjennomsnittleg månadsløn i Ulstein 51250 kroner. Dette var 3050 kroner høgare enn snittet i fylket og 460 kroner høgare enn landet.






2 ØKONOMISK UTVIKLING I KOMMUNEN

2.1 INNETKTSUTVIKLING



2.2 GJELDSUTVIKLING


Ulstein kommune hadde ein sterk gjeldsauke i perioden 2011-2017 fram til Ulstein Arena var ferdigstilt. I åra etter har gjelda flata ut sjølv om ein også i denne perioden har investert i fleire store prosjekt (t.d. tilbygg til Ulsteinvik barneskule, byggefelt på Skeide og ny brannstasjon). Ulstein Frp har sidan 2014 peka på at gjeldsnivået til kommunen er for høgt, og har difor vore oppteken av at vi skal få ned gjeldsgrada mellom anna ved å utsette eller redusere investeringane. Som det går fram av grafen under så har gjelda flata ut og gått litt ned i forhold til inntektene våre.





ALTERNATIVT FRAMLEGG TIL BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2023-2026

Vårt utgangspunkt er at gjelda må betydeleg ned, både målt i kroner og som del av inntektene våre. Den einaste måten å få det til er å investere vesentleg mindre enn det ein betalar ned på gjeld. Dette er smertefullt då det er mange som opplever at dei har store behov for nye investeringar. Årleg betalar kommunen (inkl UEKF) ned ca 50 millionar kroner i avdrag. Viss ein meiner alvor med å redusere gjelda så bør ein i gjennomsnitt ikkje investere meir enn 25 millionar kvart år.




Kostnadane til renter og avdrag har stige jamt og trutt dei siste åra, men som følge av pandemien sette Norges Bank ned styringsrenta. Frå juni 2020 til september 2021 var styringsrenta på 0,0%. Dette gav oss ein betydeleg kostnadsreduksjon i 2021. Etter dette har styringsrenta stige til 2,5% noko som betyr vesentleg høgare renteutgifter komande år. (sjå figur frå Noregs bank under)

Ulstein kommune har heldigvis hatt ein rentesikringsstrategi for å redusere risikoen for store rentesvingningar. Per oktober var gjennomsnittleg rentebindingstid for konsernet (kommunen og UEKF) litt i overkant av 6 år. Dette vert viktig i åra som kjem dersom prognosane frå Noregs bank slår til.

Figur 4.5 Markedets forventninger til styringsrenten har økt

Styringsrenten. Prosent



Kilder: Refinitiv Datastream og Norges Bank

Porteføljen og marknadsrenter (pr oktober)

UEKF (gj.snitt)	Kommunen (gj.snitt)	P.T.KBN	Norges Bank (styringsrenta)	3 MND NIBOR	6 MND NIBOR	12 MND NIBOR	3 ÅR NIBOR	5 ÅR NIBOR
3,10%	2,27 %	3,70 %	2,25 %	3,53 %	4,20 %	4,11%	4,52%	4,54%




2.3 FONDSUTVIKLING

Fondssaldo (i millionar) pr 31.12	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Disposisjonsfond Ulstein kommune	20,5	33,0	35,8	36,5	39,5	29,6	37,9	38,6	41,5	43,3	46,4	50,6
Kapitalfond Ulstein kommune	51,6	53,8	46,6	46,0	41,8	32,2	20,7	9,9	6,6	0,7	-8,1	-8,1
Disposisjonsfond UEKF	1,0	2,4	3,5	8,6	8,6	9,7	8,4	8,0	8,5	9,0	9,5	10,1
Kapitalfond UEKF	0,9	0,9	0,9	0,4	0,4	0,8	2,9	4,2	3,4	3,4	3,4	3,4
Konsern disposisjonsfond	21,5	35,4	39,3	45,1	48,1	39,3	46,3	46,6	50,0	52,3	55,9	60,7
Konsern kapitalfond	52,5	54,7	47,5	46,4	42,2	33,0	23,6	14,1	10,0	4,1	-4,7	-4,7

Fondsutviklinga som er vist ovanfor baserer seg på rekneskapa fram til 2021, samt budsjett for 2022 – 2026. I utgangspunktet ser det ikkje så ille ut med tanke på disposisjonsfonda, men for kapitalfondet til kommunen ser det dårleg ut. Kapitalfondet kan nyttast til investeringar (eigenkapital) og til eigenkapitalinnskot (aksjar) i selskap som kommunen er medeigarar i.

2.4 RESULTATUTVIKLING



Den høge gjelda har pressa dei kommunale driftsresultata over tid, og som vi ser av tabellen over så har vi gode driftsresultat før renter og avdrag vert belasta rekneskapa (brutto driftsresultat). Dette er ein tydleg indikator på at kommunen driv effektive tenester. Det er først når finanskostnadane våre slår inn at driftsresultatet vert pressa. Dei mørkeblå søylene viser påverknaden eigedomsskatten har på botnlinja vår (netto driftsresultat). Utan eigedomsskatt hadde kommunen ikkje hatt fondsreservar att, og mest truleg vore på ROBEK. Vårt klare mål er å fjerne eigedomsskatten, men erkjenner at dette ikkje er mogleg per i dag.




TBU (Teknisk beregningsutval) anbefaler at kommunane bør ha eit netto driftsresultat på minst 1,75% dersom ein over tid skal ivareta formuen. Ulstein kommune sitt samla resultat (inkl UEKF) er langt unna det målet:

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Netto driftsresultat i %	2,8 %	2,1%	0,7%	0,7%	0,6%	0,2%	0,8%
Netto driftsresultat i mill kr	17,5	13,9	5,1	4,8	4,5	1,7	6,5

Ulstein Frp er oppteken av å levere positive driftsresultat. Dette må til dersom kommunen skal fornye og utvikle seg vidare.

2.5 UTVIKLING AV KOMMUNALE GEBYR OG EIGEDOMSSKATT



**)For fylket er det ikkje teke med eigedomsskatt*

Eigedomsskatten får mykje merksemd, men for innbyggjarane utgjer denne skatten ein ganske liten del av dei samla eigedomsgebyra. I 2022 betalar ein gjennomsnittleg eigedom på 120 m2 om lag 12.500 kr i kommunale eigedomsgebyr i Ulstein. Av dette utgjer eigedomsskatten ca 2.200 kr.


Samanliknar ein Ulstein med landssnittet ligg Ulstein 3 885,- kroner lågare (-24%). Vi er difor like opptekne av gebyrutviklinga som eigedomsskatten.

For 2023 er det foreslått ei auke på 10% på vatn, 0% på avløp, 6% på avfall og 1,9% på fyringsanlegg. Samla gebyrauke er 560 kr for ein 120 m2 bustad (+5,4%). Satsen for eigedomsskatt er uendra.



ALTERNATIVT FRAMLEGG TIL BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2023-2026

Dei samla kommunale eigedomsgebyra (eks eigedomsskatt) bør ikkje auke meir enn den generelle prisauken. Samstundes er det viktig å halde oppe ein god kvalitet på denne tenesta. Då trengs det årlege midlar til investeringar.



2.6 FORDELING AV RAMMENE

I løpet av 2022 har det skjedd store endringar i befolkningsamansetninga i Ulstein. Det er spesielt ei årsak til det, og det er krigen i Ukraina.


Så langt i år har Ulstein kommune busett 136 flyktningar (111 frå Ukraina). Av desse er 36 i grunnskulealder og det gjer at utgiftsbehovet for skulesektoren har gått opp. Medan ein i budsjettet for 2022 anslo eit redusert utgiftsbehov for grunnskulesektoren med 5,1 million grunna færre born i skulepliktig alder, så er bildet i dag snudd på hovudet. Det berekna utgiftsbehovet i 2023 er anslått til å vere 1,4 million høgare enn inneverande år.

Ulstein	2023			Endring 2022-2023		Endring 2021-2022	
	Sektor-vekt	Utgifts-behov	Tillegg/trekk (i1000 kr)	Utgifts-behov	Tillegg/trekk (i 1000 kr)	Utgifts-behov	Tillegg/trekk (i 1000 kr)
Barnehage	15,88 %	104,57 %	3 990	0,69 %	881	4,5 %	3 619
Administrasjon	7,96 %	102,51 %	1 099	-0,06 %	51	0,1 %	79
Landbruk	0,21 %	61,04 %	-439	0,69 %	-23	-0,4 %	-18
Grunnskule	25,45 %	106,10 %	8 529	0,58 %	1 453	-4,4 %	-5 105
Pleie og omsorg	34,57 %	102,89 %	5 494	1,36 %	2 780	4,9 %	8 518
Kommunehelse	5,64 %	101,28 %	397	0,14 %	78	0,6 %	175
Barnevern	4,57 %	89,336 %	-2 673	-1,37 %	-548	-0,7 %	-450
Sosialteneste	5,73 %	78,27 %	-6 842	-0,88 %	-926	-0,6 %	-405
Kostnadsindeks	100,00 %	101,74 %	9 550	0,60 %	3 774	1,3 %	6 371



ALTERNATIVT FRAMLEGG TIL BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2023-2026


Det er likevel ei utfordring at ein ikkje evnar å tilføre enda fleire budsjettkroner til det ansvarsområdet som har størst behov, og som lenge har slite med urealistiske rammer. I fjorårets budsjett retta vi merksemda mot det store demografiskiftet og utfordringane vi vil få knytt til auka ressursbehov innan pleie og omsorg. Dette vart illustrert med denne figuren:



Endra utgiftsbehov demografi - kommunen - 2020 - 2030. Målt ved inngangen til det enkelte år.

Kommunedirektøren foreslår ei slik fordeling av driftsrammene:

Ansvar	R 2021	JB 2022	2023	2024	2025	2026
Folkevalde og administrasjon	27 922 158	36 569 264	52 796 437	52 220 437	52 585 437	51 328 437
Oppvekst og kultur	274 241 781	280 469 508	305 861 387	299 557 387	293 032 387	292 896 387
Teknisk etat	22 342 816	19 691 600	25 079 542	23 157 542	20 639 542	19 925 542
Helse og omsorg	224 519 467	210 146 596	229 520 350	233 320 350	231 870 350	231 870 350
Skatt og rammetilskot	-12 869 176	-14 274 000	-18 720 000	-18 559 000	-16 093 000	-18 415 000
Netto ramme til drift	536 157 046	532 602 968	594 537 716	589 696 716	582 034 716	577 605 716





Endringane for 2023 samanlikna med 2022 kan grovt forklarast slik:

Folkevalde og administrasjon: +16,2 mill

- Endringar innbakt i fjor: +2,0 mill (særleg auka pensjonskostnader)
- Lønsvækst folkevalde/adm, sokn og UEKF: +1,9 mill
- Prisvækst folkevalde/adm og UEKF: + 1,4 mill
- Renteauke UEKF: +8,0 mill
- Nye tiltak (særleg IKT og internkontroll): +2,9 mill

Oppvekst og kultur: -0,6 mill (netto fordelt til drift)

- Endringar innbakt i fjor: - 4,1 mill (særleg innsparing og midlar til omsorg)
- Lønsvækst: +6,8 mill
- Prisvækst: +1,3 mill
- Flyktning: -12,4 mill (langt større inntekter enn fordelt til kostnader for etaten)
- Auke husleige og tilskot til private barnehagar m.m: +4,9 mill
- Nye/endra oppgåver (statsbudsjett): +2,5 mill
- Justerte innsparingskrav: +0,3 mill

Teknisk etat: +2,8 mill

- Endringar innbakt i fjor: -0,4 mill
- Lønsvækst: +1,0 mill
- Prisvækst: +0,4 mill
- Auka gebyrinntekter og bruk av fond VAR: -4,5 mill
- Auka kostander VAR: +4,7 mill
- Andre endringar: +1,5 mill (husleige, flykart og asfaltering)

Helse og omsorg: +19,4 mill

- Endringar innbakt i fjor: +2,2 mill (auka ramme og overføring frå oppv.)
- Lønsvækst: + 6,4 mill
- Prisvækst: +1,8 mill
- Prisvækst kjøp av tenester: +3,4 mill
- Nye/endra oppgåver (statsbudsjett): +2,0 mill
- Nye/endra tiltak og omfordeling til omsorg: +3,7 mill

Skatt og rammetilskot: - 37,8 mill (auka inntekter)

- Endringar innbakt i fjor: +0,2 mill
- Auka skatt og rammetilskot: -43 mill
- Renteinntekter sjølvkost: -3,9 mill
- Renteauke: +7,5 mill
- Bruk av disposisjonsfond: +0,9 mill
- Anna: +0,4 mill

Helse og omsorg har dei siste åra hatt eit underliggende underskot på ca 10 mill per år. Når ein ser dette i samanheng med at tenestene vert drive ca 23 millionar kroner billigare enn landssnittet i 2021 (målt per innbyggjar) så er det ein klar indikasjon på at dei tildelte rammene har vore for små.




ALTERNATIVT FRAMLEGG TIL BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2023-2026

Dette gapet må fyllast dersom budsjettet skal vere ein god styringsreiskap for etaten. Neste år får helse og omsorg tilført 3,5 millionar i frie midlar (midlar utan bindingar)

Ser ein tilbake på rekneskapen, vil ein sjå at helse og omsorg har hatt den største veksten i utgifter dei siste åra, utan at dette har vore budsjettert. Ein har difor vore avhengig av ekstraordinære inntekter som balanserer ut meirkostnadane. Dette viser at så lenge ein ikkje har føreseielege budsjett må ein vere forsiktig med å auke inntektsanslaga.

I fjor vedtok kommunestyret å auke inntektene med 5 millionar for å forsøke å tette underfinansieringa av helse og omsorg. 4 millionar vart fordelt til Helse og omsorg i 2022 og den resterande millionen i 2023 og utover.





3 Kommentarer til kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett og økonomiplan

3.1 SKATT PÅ INNTEKT OG FORMUE

Det er alltid vanskeleg å spå korleis skatteinntektene vil slå ut særleg i urolige tider som no. Erfaring frå tidlegare har likevel vist at det har lønt seg å vere konservativ når ein budsjetterer med inntektene, då det ikkje er mogleg å kompensere for manglande inntekter i løpet av budsjettåret.

Regjeringa har foreslått å auke skatten på høgare inntekter og formueskatten. Dette skal i utgangspunktet gi Ulstein kommune auka inntekter. Det som talar i mot er renteauke som gir større skattefrådrag, auka botnfrådrag og utsikter til lågare sysselsetting.

Kommunedirektøren forventar at gjennomsnittleg skatt på inntekt og formue i Ulstein vil ligge på 98% av landsnittet. Dette er noko lågare enn dei seinare åra, men ein del høgare enn hittil i år. 1% endring vil utgjere om lag 1,3 millionar i auka eller reduserte inntekter.

Skatteinntektene er og påverka av folketalsutviklinga. Administrasjonen reknar og med ein liten folkevekst (+7) resten av året (4.kvartal).

Ulstein Frp har som prinsipp at vi skal vere nøkterne når vi reknar inntekter, og har difor ikkje lagt inn noko auke utover kommunedirektøren sitt framlegg. Vi ser likevel ikkje vekk frå at det kan auke.

3.2 RAMMETILSKOT

Rammetilskotet frå staten har til hensikt å jamne ut forskjellane mellom kommunane knytt til demografi og geografi ut frå objektive kriterier. Dette kallast utgiftsutjamning og er forutsigbare inntekter for kommunen som er basert på samansetninga av befolkninga per 1. juli inneverande år. Dette er difor inntekter kommunen kan pårekne.

3.3 EIGEDOMSSKATT

Kommunedirektøren foreslår inga endring i eigedomsskatten i 2023. Framstegspartiet har som mål å fjerne denne på sikt, men per i dag er det ikkje rom for ei slik endring. Dagens eigedomsskatt er låg samanlikna med dei fleste andre kommuner som har innført ein slik skatt. Dersom ein reduserer eigedomsskatten frå 1,75 promille til 1,5 promille vil dette gje om lag 1,8 millionar kroner mindre i inntekt til kommunen.

3.4 AVKASTNING OG AKSJEUTBYTE

I framlegget frå kommunedirektøren er det budsjettert 6,8 millionar i avkastning og utbytte. Vi har ingen forslag om endringar av dette beløpet.

Vi har von om at Ulstein Fjernvarme vil vere i stand til å betale for leige av infrastruktur framover sidan selskapet har fått tilført meir eigenkapital som har gått til å redusere finanskostnadane.



3.5 INVESTERINGAR OG SAL AV DRIFTSMIDLAR

Dersom kommunen skal halde seg til målsettinga om å ikkje låne meir enn 100 millionar i løpet av ei 4-årsperiode så er det ikkje rom for å bygge ny kyrkje i overskueleg framtid. Vi ønskjer ikkje å binde det neste kommunestyret i ei så stor og viktig sak.

Vi merkar oss at driftskonsekvensar av nye omsorgsbustader og kontor for samlokalisering av heimetenestene og rus/psykiatri ikkje er baka inn i budsjettet..

Ny barnehage i Hasund krins ligg inne i slutten av perioden. Driftskonsekvensar av dette er heller ikkje synleggjort i dette budsjettet.

Desse prosjekta må finansierast i budsjett og økonomiplan for 2024-2027. Ulstein Frp har difor ikkje teke endeleg stilling til desse investeringane før vi har oversikt over driftskonsekvensane.

3.6 NYE TILTAK/ENDRINGAR

3.6.1 Eigedomsskatt

Vi legg til grunn at fleire bustadar og regulering av likningsgrunnlaget for eigedomsskatt vil gi oss ei auka inntekt på kr 350 000 per år utan at vi endrar satsen for eigedomsskatt.

3.6.2 Prisvekst

Vi legg til grunn ein litt lågare kompensasjon for prisvekst enn administrasjonen grunna lågare energikostnader enn landet elles.

3.6.3 Kontrollutvalet

Kontrollutvalet får auka si ramme med 100 000 i tråd med tilrådinga frå dagleg leiar i Vestkontroll. Dersom det skulle vere behov for ekstra løyvingar i løpet av året til kjøp av tenester bør dette vedtakast av kommunestyret.

3.6.4 Trivseltiltak i krinsane

Ordninga med løyvingar til trivseltiltak i krinsane som Frp fekk gjennomslag for har vore ein suksess. Det er behov for å auke denne potten og vi legg difor inn kr 100 000 ekstra slik at den nye potten vert kr 300 000 per år.

3.6.5 Pensjon

Ulstein Frp er prinsipielt for konkurranse av offentlege innkjøp. Kjøp av pensjonstenester er kommunes største innkjøp og bør difor konkurranseutsettast. Vi er imidlertid opptekne av at prosessen og beslutningsgrunnlaget vert godt gjennomarbeidd og at dei tillitsvalde vert med på prosessen. Kommunestyret må difor få framlagt ei eiga sak der ein fastset konkurransegrunnlaget og kriteria for vekting av tilboda.



3.6.6 Fram Flexx

Ulstein Frp viser til at resultatene av Ungdata-undersøkingane viser at ungdom generelt er godt fornøgd med å vekse opp i Ulstein. Dette er gledeleg. Dei peikar likevel på at kollektivtilbodet er mangelfullt, og for å rette opp i dette ønskjer vi å sette i gong eit prøveprosjekt med Fram Flexx.

3.6.7 Trebaatfestivalen

Trebaatfestivalen er den viktigaste festivalen i Ulstein, og er ein særreigen festival i vår region. Vi ønskjer difor å auke støtta til Trebaatfestivalen med 100 000 kroner per år slik at dei også kan søke om midlar frå fylket.

3.6.8 Trafikktrygging

Ulstein kommune har framleis eit stort behov for å bygge meir gangveggar. Vi har som mål at vi over tid skal få på plass eit samanhengande gang og sykkelvegnett i kommunen. Vi har difor lagt inn midlar til nye tiltak, og føreset at dette vert ein del av eit spleiseprosjekt med fylkeskommunen

3.6.9 Leige av kunst

Ulstein kommune låner mykje kunst til utsmykking av kommunale bygg, men betalar per i dag ikkje noko leige til kunstlaget. Kunstlaget har i fleire år ønska å få på plass eit utstillingslokale, og vi ønskjer å bidra til dette. Til dømes kan leige av lokale i Bjørndals Minne vere eit alternativ.

Dei samla endringane som vi har foreslått vil ikkje svekke balansen i kommunedirektøren sitt framlegg. Dette har vore eit viktig prinsipp for oss.



4 Våre endringsforslag

4.1 BUDSJETTMESSIGE ENDRINGAR

Tiltak	2023	2024	2025	2026
Auka inntektsgrunnlag eigedomsskatt (prisvekst og nye bustader)	-350 000	-350 000	-350 000	-350 000
Redusert kompensasjon prisvekst (UK og UEKF)	-350 000	-350 000	-350 000	-350 000
Auka ramme til kontrollutvalet	100 000	100 000	100 000	100 000
Auka ramme til trivselstiltak i krinsane	100 000	100 000	100 000	100 000
Konsulentbistand pensjon	150 000			
Fram Flexx (2-årig prøveprosjekt)	150 000	150 000		
Tilskot til trebaatfestivalen	100 000	100 000	100 000	100 000
Trafikktrygging			250 000	250 000
Leige av kunst	50 000	50 000	50 000	50 000
Sum endringar	-50 000	-200 000	-100 000	-100 000

Framskreve avsetning til disp.fond frå øk.plan 2022-2025	2 081 395	3 139 049	3 407 049	3 407 049
K.dir sitt framlegg til avsetning (+)/bruk (-) disposisjonsfond 2023-2026	860 614	-1 310 786	-261 386	793 614
Endra avsetning til disp. fond Frp sitt framlegg	50 000	200 000	100 000	100 000
Ny avsetning (+)/bruk (-) til disp.fond for øk.plan 2023-2026	2 992 009	2 028 263	3 245 663	4 300 663

4.2 VERBALFRAMLEGG

1. Kommunestyret viser til at dagens budsjettmodell gir dei ulike driftseiningane få insentiv til å kutte kostnader for å finansiere nye investeringar og nye driftstiltak. Finanskostnadar og eigenkapital vert i dag finansiert over sentraladministrasjonen sitt område utan at det vert stilt krav om eigenfinansiering over eige budsjett. Kommunestyret ønskjer å gi einingane større mogelgheit til å finansiere eigne behov ved hjelp av t.d smartare innkjøp, tilpassa husleigeavtalar o.s.b.
2. Kommunestyret viser til at 13% av kommunens innbyggjarar er innvandrarakar, og dei fleste er arbeidsinnvandrarakar. Det er viktig at kommunen tek godt i vare desse, og ønskjer at administrasjonen legg fram ei sak med framlegg til korleis denne gruppa kan ivaretakast av avdeling for inkludering og mangfald (IMU)